



NVE
Noregs vassdrags-
og energidirektorat

SYKKYLVEN KOMMUNE
Kyrkjevegen 62
6230 SYKKYLVEN

Vår dato: 27.06.2022

Vår ref.: 202015590-9 Oppgi ved kontakt

Dykkar ref.:

Sakshandsamar: Ole-Jakob Sande,
22959545, ojs@nve.no

NVE trekker motsegn til detaljregulering for BU13 Grebstadlia i Sykkylven kommune

Vi viser til brev til Sykkylven kommune datert 19.05.2022 og oversending til NVE 24.05.2022. Saka gjeld detaljregulering for område BU13 Grebstadlia i Sykkylven kommune. I brevet ber plankonsulent proESS AS på vegne av Sykkylven kommune NVE om å vurdere å trekke motsegn til planen på grunnlag av reviderte plandokument.

NVE trekker motsegn til detaljregulering for BU13 Grebstadlia med bakgrunn i at det er gjort grundigare vurderingar av reell fare for flaum i planområdet.

Om motsegna

NVE fremja motsegn til detaljregulering for BU13 Grebstadlia i brev datert 04.03.2022. Grunnlaget for motsegna var at reell fare for flaum ikkje er avklara for planområdet. Dersom Sykkylven kommune syter for at vurdering av flaumkapasitet for eksisterande kulvertar vert vurdert for fastsetjing av fareområde for flaum fell grunnlaget for motsegna bort.

NVE sine vurderingar av reviderte plandokument

Flaum og erosjon

Sunnfjord Geo Center (SGC) har i revidert rapport om flaumfare datert 13.05.2022 gjort vurderingar av konsekvensar av manglande kapasitet på eksisterande kulvertar ved 200-års flaumhending. Det er simulert dreneringslinjer/flaumvegar for kulvert både oppstraums og nedstraums planområdet. Simuleringa for oppstraums kulvert viser at austleg del av planområdet kan vere utsett for flaumfare ved dimensjonerande flaumhending.

I framlegg til revidert plankart er omsynssone flaumfare H320 endra slik at den viser reell fare før gjennomføring av tiltak. Men faresona har ikkje tatt inn i seg den faren som ligg i manglande kapasitet på oppstraums kulvert. Gjennom revidert flaumvurdering er det



dokumentert at det er ein fare som planen må ta omsyn til, men det er ikkje gjort modellering av kor stort areal som er utsett for fare.

NVE har drøfta desse problemstillingane med SGC. Dersom omsynssone flaumfare vert utvida slik at den dekker arealet aust til plangrensa, vil omsynssona dekke områda med flaumfare, og føresegnene vil kunne sikre at det vert tatt omsyn til slik fare.

Med revidert flaumfarevurdering er det betre dokumentert kva område som er utsett for reell flaumfare, men omsynssone flaumfare viser ikkje alt areal som er utsett for reell fare. Med avklaringane som er gjort fell grunnlaget for NVE si motsegn bort. Det er likevel ein føresetnad at omsynssone flaumfare H320 i plankartet vert utvida til å dekkja arealet aust til plangrensa.

NVE trekker motsegn til detaljregulering for BU13 Grebstadlia med vilkår om at omsynssone flaumfare H320 vert endra i plankartet før slutthandsaming. Vi ber også om at ordlyden i føresegnene § 6.3 tek inn i seg at den viser flaumfare med 200-års sannsyn, og at det er krav til tryggleik i samsvar med byggtknisk forskrift (TEK17) § 7-2 for tiltak i fareområda.

Overvatn

Med bakgrunn i manglande kapasitet på kulvert nedstraums planområdet, hadde NVE merknad til at planen ikkje hadde eintydige vurderingar eller krav som sikra at avrenninga ikkje auka som konsekvens av planlagt utbygging. SGC har i revidert flaumfarevurdering stadfesta at planlagde infiltrasjonsgrøfter med volum på 113 m³ vil sikre at avrenninga frå planområdet ikkje vil auke i høve til dagens situasjon.

Så langt vi kan sjå har ikkje føresegnene § 2.9 blitt endra etter offentleg ettersyn. NVE gjentek vårt råd om at planen må ha tydelegare krav om at avrenning frå planområdet ikkje skal auke som konsekvens av planlagt utbygging. Føresegnene kan gjerne ha konkrete krav til volum på infiltrasjonsanlegg for å sikre at det vert tatt tilstrekkeleg omsyn.

Skredfare i bratt terreng

Ordlyden i reviderte føresegner § 6.2 er oppdatert i samsvar med vår merknad ved offentleg ettersyn, og vi har ikkje utfyllande merknader.

Med helsing

Øyvind Leirset
Seksjonssjef

Ole-Jakob Sande
Senioringeniør



Dokumentet blir sendt utan underskrift. Det er godkjend etter interne rutinar.

Mottakarar:

SYKKYLVEN KOMMUNE

Kopimottakarar:

STATSFORVALTAREN I MØRE OG ROMSDAL
PROESS AS